

Vindafjord kommune prioriterer folkehelsearbeid
retta mot:

- Aktive og trygge lokalsamfunn
- Psykisk helse
- Sunne levevanar

HANDLINGSPLAN for FOLKEHELSE

Vindafjord 2014

Vedtatt i kommunestyret 17.12.14 Saksnr. 099/14.

Handlingsplan for folkehelse, Vindafjord kommune 2014

Vindafjord kommune prioriterer folkehelsearbeid retta mot:

- ***Aktive og trygge lokalsamfunn***
- ***Psykisk helse***
- ***Sunne levevanar***

Resultat/effekt skal målast gjennom Folkehelseprofilen (www.fhi.no/folkehelseprofiler) for kommunen (sjå vedlegg 1).

Vidare skal desse indikatorane bli nytta::

- Tal aktive lag/organisasjonar samt aktive medlemmer i ulike aldersgrupper
- Tal deltakarar på arrangement knytt til folkehelse (også på institusjon)
- Sjukefråvær i barnehage og skule (for born/ungdommar)
- Tal born/unge som går eller sykklar til/frå skulen, kartlagt etter trygg skuleveg.

Vindafjord, VITAL OG SENTRAL, trivsel, handlekraft og levande bygder

Forkortingar: FHI= folkehelseinspirator KH= kommunalsjef helse/omsorg FHF= folkehelseforum FVS= frivilligsentral

| Hovudmål | Delmål | Tiltak | Tidsramme | |
|--|--|--|--|----------|
| Vere orientert om det folkehelsearbeidet som pågår i eigen og andre kommunar, på fylkesnivå og landsbasis. | Interkommunalt samarbeid | Delta på nettverksmøter (inkl Haugaland folkehelseforum) og utveksle erfaringar i folkehelsearbeidet | Ca X3/år | |
| | | Gi innspel og utarbeide ulike samarbeidsprosjekt innan folkehelse | Jamleg | |
| | Samkøying med Rogaland fylkeskommune | Nytta «Strategi for folkehelse i Rogaland 2011- 2014» som eit verktøy i kommunen sitt folkehelsearbeid | Forplikta folkehelsearbeidet gjennom partnerskapsavtale. Skal fornyast 2017. | Årleg |
| | | | Delta på samlingar og konferansar innan folkehelse | Jamleg |
| | | | Dialog med rådgjevarar folkehelse i fylket, dra nytte av den hjelp ein kan få der | Jamleg |
| | | | Rapportere til fylkeskommunen. | Jamleg |
| | | | Nytte stortingsmeldingar og ulike publikasjonar knytt til samhandlingsreforma som retningsgivande i folkehelsearbeidet | Jamleg |
| | Kvalitetssikring gjennom Helsedirektoratet og Helse- og omsorgsdept. | Kvalitetssikre arbeidet ved å halde seg oppdatert på nye rapportar og forskning | Delta på eventuelle konferansar og samlingar i regi av Helsedirektoratet. | Ca X1/år |

| Hovudmål | Delmål | Tiltak | Tidsramme |
|--|--|--|--------------|
| Vere ein aktiv og synleg aktør for folkehelsearbeidet i Vindafjord kommune | Vere kjent blant innbyggerane og tilsette i kommunen ved å sette fokus på – og bidra med kunnskap om – ein sunn og aktiv kvardag | Syte for informasjon, medieoppslag og reportasjar om helsefremmande tiltak på aktuelle nettsider, facebook og i lokale media | Jamleg |
| | | Inspirere til fysisk aktivitet og sunt kosthald i barnehagar, skular, SFO og institusjonar, og avtale vidare oppfølging og innsats med einingsleiarane | 31.12.14 |
| | | Inspirere foreldre/føresette til å gjere gode val når det gjeld kosthald og fysisk aktivitet. Avtale gjennomføring m/einingsleiarane | 31.12.14 |
| | | Publisere informasjon om helsefremmande kampanjar (t.d. sykkelhjelmkampanje), kurs, babysong, aktivitetar m.v. | Jamleg |
| | | Kartlegge og halde oversikt over helsetilstanden i kommunen og nytte dette som grunnlag for prioriteringar og vidare arbeid | Årleg/01.03. |
| | | Søke eksterne tilskot/midlar til bruk i ulike folkehelseprosjekt | Jamleg |
| | | Avklare grensegangar og avtale samarbeid med Frivilligsentral, miljøretta helsevern m.v. | 30.08.14 |
| | | Planlegge og delta lokal folkehelse/oppvekstkonferanse | 14.11.14 |

| Hovudmål | Delmål | Tiltak | Tidsramme |
|--|---|---|-------------------|
| Vere ein aktiv og synleg aktør for folkehelsearbeidet i Vindafjord kommune | Forankring av folkehelsearbeidet i næringslivet og frivillig sektor | Etablere kontakt og avtale samarbeid med dei ulike Grendeutvala | 31.12.14 |
| | | Etablere kontakt og avtale samarbeid med frivillig sektor. Støtte opp om eksisterande aktiviteter, inspirere til evt utviding av tilbodet, gi råd og tips, halde innlegg m.v. | 31.12.14 |
| | | Etablere kontakt og avtale samarbeid med næringslivet | 31.12.14 |
| | | Inspirere til oppstart av fyrstehjelpskurs for småbørnsforeldre i lag med organisasjonar | 01.12.14 |
| | | I samarbeid m/ frivillig sektor lage oversikt over aktive deltakarar/medlemmer i t.d. idrettslaga | 31.12.14 |
| | Forankring av folkehelsearbeidet i kommunen | Utarbeide folkehelseplan (inkl oversiktsdokument på helsetilstanden til befolkninga i kommunen) | Oktober2014 |
| | | Etablere folkehelseforum i tråd m/partnerskaps-avtale med Rogaland fylkeskommune | Mai 2014 |
| | | Utarbeide årleg handlingsplan | 15.09.14 |
| | | Informere politisk om folkehelsearbeidet ved førespurnad | Etter førespurnad |
| | | Etablere struktur for samarbeid og kommunikasjon med rådmann/leiargruppa og einingsleiarane | Oktober2014 |
| | | Gi innspel til trafikksikringsplan, utbyggingsbehov når det gjeld gong/sykkelveg og andre tiltak for å bli ein trafikksikker kommune | Jamleg |
| | | Inspirere til – og avtale oppfølging/innsats – når det gjeld etablering av fallførebyggjande tiltak retta mot eldre | 2014 |
| | | Delta i vurdering av reguleringsplanar og ha særskild fokus på folkehelse, universell utforming og aktivitetsmoglegheiter for alle | Jamleg |
| | | Delta på leiarmøte/leiarforum der folkehelse er tema (min. X1/år) | 31.12.14 |

| Hovudmål | Delmål | Tiltak | Tidsfrist |
|--|------------------------------|---|----------------|
| Iverksette tiltak som fremje trivsel og folkehelse | Sunne og aktive born og unge | Nytte aktivt AV- og –TIL kampanjar. | Jamleg |
| | | Inspirere til vidareutvikling av leikeplassar og uteområde på skular og barnehagar | Årleg |
| | | Inspirere og bidra til utvikling av felles symjeopplæringsplan i skulane med særleg fokus på dei som ikkje kan symje. | 2014 |
| | | Inspirere til utvikling av felles plan for «Trygg og aktiv til/frå skulen» - avtale vidare arbeid/ansvar. | 2014 |
| | | Inspirere til etablering av felles temaveke i skular og barnehagar knytt til «Friluftsliv for alle». | 2014 |
| | | Gjennomføre og vidareføre «Fiskesprell» i kommunale barnehagar og SFO 2014, neste 2016. | Mars 2014 |
| | | Delta på kurs i «Naturklatrejungel» | Haust 2014 |
| | Aktive innbyggjarar | Bidra til etablering av turgrupper i bygdene | Haust 2014 |
| | | Etablere ordning med utlån av stabil rullestol for turbruk - m.a. på Olalia | 31.12.14 |
| | | Etablere kontakt og avtale samarbeidsform m/Friluftsrådet | 31.12.14 |
| | | Kartlegge hjertestatar i kommunen og registrere dei i «hjertestatar-app» | 31.12.14 |
| | | Inspirere til etablering av aktivitetsdagar o.a. for funksjonshemma. Avtale samarbeid m/eininga. | 31.12.14 |
| | | Nytta «Dine 30»-kampanjen | Jamleg |
| | | Bidra til songhefte «Heile Vindafjord syng» | September 2014 |
| | | Utarbeide «Ut på tur»-brosjyrar. Informere på alle legekontor i kommunen. Knytte denne til TellTur-app. | Årleg |

| | | | |
|--|---|---|------------------------|
| Iverksette tiltak som fremje trivsel og folkehelse | Inkludere og involvere innflyttarar og innvandrarar | Oppmode grendeutvala og lokale organisasjonar til å ha fokus på nytilflytta (gi tips om utvikle nye tiltak) | 31.12.14./ X 1årleg |
| | | Etablere «Ny i Vindafjord» som fane på kommunal nettside med info for nytilflytta om bl.a. nettverksgrupper for småbornsforeldre, tilbod/aktivitetar/organisasjonar i kommunen. | 31.12.14 |
| | | Bidra til etablering av fleire møteplassar for innvandrarar/flyktningar, spesielt med fokus på menn. | Jamleg |
| | | Bidra til etablering av kolonihage | 31.12.14 |
| | | Omsette «Ut på tur-brosjyre» til fleire språk | 31.12.14 |
| | Sunt kosthald | Inspirere til sunt og godt kosthald i kommunale barnehagar, skular, institusjonar og dagtilbod. | 31.12.14 |
| | | Drøfta og avtale eventuelt bruk av «Lunsj10» for å inspirere til sunn matpakke i 10.klasse | 31.12.14. |